



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Møteinnkalling

Utvalg: **AU i verneområdestyret for SVR**
Møtested: E-post møte, E-post møte
Dato: 23.08.2019
Tidspunkt: 08:00

Saksliste

Utvalgs- saksnr

Innhold

- | | |
|----------|--|
| AU 34/19 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| AU 35/19 | Søknad om dispensasjon til terrenginngrep og ferdsel i samband med linjeoppgradering i Steinbuskardet biotopvernområde, gnr/bnr, 7/2, Bykle kommune - Statnett |

AU 34/19 Godkjenning av innkalling og saksliste



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL

Besøksadresse
Garaneset, 4230 Sand

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47

www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2019/7161-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 26.08.2019

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	35/19	23.08.2019

Søknad om dispensasjon til terrenginngrep og ferdsel i samband med linjeoppgradering i Steinbuskardet biotopvernområde, gnr/bnr, 7/2, Bykle kommune - Statnett

Forvalters innstilling

I medhald av Kap. III og Kap. IV, punkt 1.1, i Føreskrift om vern av Steinbuskardet biotopvernområde, samt § 48 i naturmangfaldlova, får Statnett dispensasjon til å gjere eit terrenginngrep under kraftlinja Kvildal-Holen rett vest for Storevassdammen.

Dispensasjonen omfattar sprenging av ein bergknaus slik at den blir inntil 1m lågare over eit areal på 2m x 11m. Dispensasjonen omfattar og deponering av sprengmassar i eit søkk i terrenget rett ved knausen.

Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- Om det blir observert villrein mindre enn 300m frå inngrepsstaden må arbeidet avventast til faren for forstyrring er forbi.
- Der knausen sprengast bort skal sprengingskantane jamnast til.
- Deponiet av sprengmassar skal formast etter terrenget og dekkast til med jord og torv frå staden.
- SVR v/verneområdeforvaltar Alf Odden skal godkjenne oppryddinga og terrengetilpassing før arbeidet avsluttast

I medhald av Kap. III og Kap. IV, punkt 2.1, og punkt 2.4 i Føreskrift om vern av Steinbuskardet biotopvernområde, får Statnett dispensasjon til nødvendig ferdsel til fots for å gjennomføre tiltaket.

Saksopplysninger

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad datert 15.08.2019 og telefonsamtale med søker same dag.

Statnett søker om dispensasjon til terrenginngrep og ferdsel ved eit punkt under kraftlinja Kvildal-Holen i Steinbuskardet biotopvernområde. Søknaden gjeld sprenging av ein bergknaus som er 1m høg og har ein utstrekning på 2x11m. Sprenginga skal utførast med Trollkraft og boringa vil bli gjennomført ved hjelp av ein kompressor og berghammar. Statnett reknar med at tiltaket vil bli gjennomført i løpet av to veker. Det vil gå to dagar til boring, ti dagar før fjellet er ferdig sprengt, og tre dagar til utspetting av sprengstein. Søkar opplyser at sprengmassane vil bli deponert i eit søkk i terrenget rett ved sprengstaden. Sprengmassane vil bli tildekt med jord og torv.

Statnett søker og om nødvendig ferdsel til fots for å gjennomføre tiltaket.

Tiltaket er lokalisert om lag 50m vest for vegskjæringa til anleggsvegen som går ned til Storevassdammen lengst sør i Blåsjø.

Bakgrunnen for tiltaket er at det dei neste åra skal sendast meir straum gjennom den eksisterande kraftlinja. Dette fører til at linjene strekker seg og kjem nærare bakken. På den aktuelle staden ved Storevassdammen gjer dette at linja kjem nærare bakken enn det som er tillatt. På denne staden vil ikkje oppstramming av leidninga gje nok ekstra høgde, slik at senking av terrenget blir den aktuelle løysinga.

Kart over området ved Storevassdammen. Staden for inngrepet er markert med eit blått punkt.





Knausen som skal sprengjast sett frå nord



Knausen som skal sprengjast sett frå vest



Lokalisering av deponi for sprengmassar



Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Steinbuskardet – Hisdal biotopvernområde av 28.04.2000.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.

Heimelsgrunnlag

Steinsbuskardet – Hisdal biotopvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000.

Føremålet med vernet av Steinsbuskardet – Hisdal biotopvernområde er etter kapittel III i verneføreskrifta:

” å sikre eit særskilt viktig heilårs leveområde med trekkveggar og kalvingsområde for villrein i Setesdal Vesthei.”

Verksemd og tiltak i Steinsbuskardet–Hisdal biotopvernområde blir regulert av verneføreskrifta kapittel IV, punkt 1.1, kor det heiter at ” Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne produksjonstilhøva, gjera villreinen sitt livsmiljø ringare eller hindre villreinen sin bruk av området”. Vidare heiter det i kapittel IV, punkt 1.2, bokstav f, at reglane i punkt 1.1 ikkje er til hinder for ” Manøvrering av eksisterande regulerte innsjøar i tråd med konsesjonsvilkåra. Vedlikehald og tilsyn av



konsesjonsgjevne kraftanlegg, herunder anleggsveggar, luker, dammar, radiolinkar og kraftliner og radiolinkar, herunder naudsynt auke i linetverrsnitt”.

Etter verneområdeforvaltar si vurdering er dei omsøkte tiltaka for omfattande til å komme inn under dette punktet. Det er derfor nødvendig med ein dispensasjon etter naturmangfaldlova sin §48 for å kunne gjennomføre tiltaket.

Ferdsl i Steinsbuskardet–Hisdal biotopvernområde blir regulert av verneforskrifta kapittel IV, punkt 2.1, kor det heiter at det i sone A – Steinbuskardet, er all ferdsel forbode heile året.

Det omsøkte tiltaket kjem etter vårt syn inn under kapittel IV, punkt 2.1 og, og krev derfor dispensasjon etter kapittel IV, punkt 2.4, for å kunne gjennomførast. Her heiter det at «*Forvaltningsstyresmakta kan gje unntak frå forbodet i pkt. 2.1 i særlege tilfelle når det ikkje strir mot føremålet med vernet, sjå pkt. VI*».

I §48 i Naturmangfaldslova heiter det at "Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig".

Rundskrivet *Forvaltning av verneforskrifter* (Miljødirektoratet 2014) gir føringer for dispensasjonsbehandling etter § 48. I følgje rundskrivet må følgende to vilkår begge være oppfylt for å kunne gi dispensasjon:

1. Tiltaket kan ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.
2. Tiltaket må ikkje vere i strid med formålet med vernet.

Miljødirektoratet understrekar at høvet til å gi dispensasjonar etter § 48 er snevert:

"Kravet om at tiltaket ikke skal påvirke verneverdiene nevneverdig innebærer at dispensasjonsadgangen er snever. Det kan bare dispenseres i de tilfeller tiltaket vil ha ubetydelig eller begrenset virkning for verneverdiene. Dette kan være ved midlertidige eller forbigående forstyrrelser, eller enkeltstående aktiviteter eller tiltak".

I rundskrivet heter det vidare at: *"I vurderingen av om tiltaket eller aktiviteten er i strid med verneformålet, er betydningen for verneformålet både på kort og lang sikt relevant. Et tiltak eller en aktivitet kan være i strid med verneformålet dersom tiltaket eller aktiviteten på sikt eller over tid kan ha negativ innvirkning på verneformålet".*

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frarfjordheiane har forvaltningsmynde for Steinbuskardet biotopvernområde.

Vurdering

Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Det omsøkte terrenginngrepet ved Storevassdammen ligg om lag 1090 m.o.h i eit storkupert ope fjellandskap dominert av fjell i dagen og elles skrinne vegetasjon.

Områda ved Steinbuskardet har tradisjonelt vore eit heilt sentralt område for villreinstamma i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane. Etter Ulla-Førre utbygginga har store inngrep i område som Storevassdammen,



Blåsjø, anleggsveg og kraftliner med ført at villreinen sin bruk av område er sterkt redusert. Tidlegare trekk gjennom område har langt på veg gått ut av bruk, og i praksis er villreinstamma vorte delt i ein nordleg og ein sørleg stamme. Delinga av villreinstamma blir langt på veg stadfesta av resultata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Her er det dokumentert at berre to av dei fjorten simlene som har nytta området i perioden 2006-2010, har trekt gjennom Steinbuskardet den tida dei hadde sendar. Sjølv om trekket mellom nord og sør langt på veg har stoppa opp, er Steinbuskardet framleis eit viktig leveområde for villreinen. Det viser seg at heile ni av dei ti merka simlene i srområdet hadde vore innafor grensene til Steinbuskardet biotopvernområde den tida dei hadde sendar. Dette blir og stadfesta av nyare GPS plott (2011-2018) på www.dyreposisjoner.no I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinen arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det registrert fleire villreintrekk i området.

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserar seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no). Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjonen om prioriterte arter, trua eller nær trua arter på Norsk rødliste for arter 2015 eller andre verdifulle arter. Det er heller ikkje informasjon om utvalte naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk rødliste for naturtypar 2011 eller andre verdifulle naturtypar. Det er ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns andre slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område som kan ta skade av den omsøkte motorferdsle.

Kunnskap om kulturminne i området baserar seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no). Her er det registrert ei lang rekke kulturminne ved Vestre og Heimre Gyvatnet, som mellom anna steinalder buplassar og dyregraver. Dei omsøkte tiltaka er likevel lokalisert lengre nord og vest og vil ikkje komme i konflikt med dei registrerte kulturminna.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som godt. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Steinbuskardet biotopvernområde og dei tilgrensande områda innan Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde, er eit viktig trekk-, kalvings- og leveområde for villreinen, og har fått eit særleg omfattande vern. Likevel er område sterkt påverka av tekniske inngrep og ei relativt omfattande fedsle. Storevassdammen er eit dominerande element i landskapet og det same kan seiast om dei to kraftlinjene som går gjennom område. Det kjem og inn ein anleggsveg nordfrå som ender på sør sida av Storevassdammen. I dette område er det og to tippområde og ein steinsett kanal. Turistløypa mellom Hovatn og Storsteinen og mellom Storsteinen og Kringlevatn går og gjennom område. I 2018 ferdast om lag 250 turistar etter desse turistløypene, mens om lag 250 personar kom inn i område via anleggsvegen. Denne veggen er stengt med bom, men nyttast av Statkraft og Statnett i samband med tilsyn av installasjonar og kraftlinjer. Utover Statnett sitt eksisterande løyve er det ikkje gjeve andre løyve til motorferdsle i område.

Den samla belastninga frå ferdsle og fysiske inngrep må derfor vurderast som såpass omfattande at den har negativ innverknad på villreinen sin bruk av område. Dette skulle tilseie ein restriktiv haldning i høve til både eksisterande og nye tiltak i område.

Etter forvaltningsstyresmakta si vurdering har likevel det omsøkte tiltaket under kraftlinja Kvildal-Holen eit såpass avgrensa omfang, at den berre til ein viss grad fører til større belastning på økosystemet i område. Det omsøkte ferdsle og aktiviteten i samband med tiltaket under kraftlinja vil medføre fare for forstyrring av villreinen, men berre for eit avgrensa tidsrom og på ei tid på året da villreinen ikkje er mest sårbar for forstyrring. Tiltaket si negative innverknad på landskapet vil være avgrensa og kan



avbøtast ved god arrondering og tildekking av sprengmassene. Tiltaket er og planlagt i eit område med fleire andre større og meir dominerande inngrep i landskapet.

Det er og knytt sterke nasjonale interesser til kraftlinene innanfor Steinsbuskardet biotopvernområde i høve til mellom anna energiforsyning og økonomi. Sjølv om Statnett sine tiltak i samband med kraftlinjene innanfor Steinbuskardet biotopvernområde er søknadspåttige etter verneføreskrifta, vurderer forvaltningsmyndigheita dei samfunnsnyttige sidene ved verksemda som så store at det skal ligge føre særleg tungtvegande grunnar før Statnett sine søknadar blir avsele.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. Sprenging med Trollkraft og manuell flytting av sprengmassene vil etter verneområdeforvaltar si vurdering medføre mindre forstyrring enn andre sprengingsmetodar. Ein slik metode gjer det og lettare å få til ei god arrondering av terrenginngrepet.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

Konklusjon

Det omsøkte tiltaket med tilhøyrande ferdsle vil kunne medføre forstyrring av villreinen i eit område som har fleire viktige funksjonar for villreinstamma. Tiltaket vil derfor til ein viss grad ha ein negativ innverknad på verneverdiane i Steinbuskardet biotopvernområde, og kjem samstundes i konflikt med verneføremålet kor det å ta vare på villreinen sine trekkområde er eit sentralt punkt. Samstundes har terrenginngrepet eit avgrensa omfang og forstyrringane sterkt avgrensa i tid. Det kan derfor gis dispensasjon til tiltaket. De sterke samfunnsmessige interessene knyt til kraftlinjene i området er og tillagt vekt i vurderinga.